

Bremnes 01.05.2014

Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
P.b. 7900
5020 Bergen

SØKNAD OM SPELSTØTTE TIL MOSTRASPELET 2015.

Bømlo Teater er ein frivillig organisasjon, organisert i Norges Amatørteaterforbund og med omlag 150 medlemmer. For tida har teateret tre tilsette i ein samla mellombels stillingsressurs på totalt 90%. I 2013 var det 30-årsjubileum for Mostraspelet, og 160.000 mennesker har til no møtt i Moster Amfi for å sjå Bømlo Teater fortelje om Olav Tryggvasons landgang i Noreg via Moster i 995, samt Heilag Olavs første Kristenrett i Noreg i 1024. I 2015 blir Mostraspelet i Johannes Hegglands versjon sett opp for 31. gong, og for 2016 har Bømlo Teater bestilt eit nytt manus, skrive av Svein Tindberg med fokus på Heilag Olav og Kristenretten i 1024. Dermed vil Bømlo Teater ha to manus som me kan alternere mellom i Mostraspelhelga i åra framover. Opp mot 2024 er vil det nok vera naturleg gjennom Svein Tindbergs manus å fokusere på Kristenretten og det den har betydd for vår kultur etter 1024. I 2015 vil me difor i tillegg til å setje opp Hegglands "Kristkongane på Moster", parallelt førebu Tindbergs urpremiere i 2016 med dei evt. endringar til scene og kostymer etc som det kan medføre. I tillegg medfører det nye manuset store kostnader til forfattar og komponist, samt vesentleg meirarbeid av reint produsentmessig art. Bømlo Teater styrkjer med dette si rolle som hovudleverandør av publikum til Moster Amfi for åra som kjem, men tillet seg å søkje om ei auka tildeling til Mostraspelet i 2015, gitt meirarbeidet som dei to Mostraspelsprosjekta inneber i 2015.

Årleg offentleg støtte knytt til framføring av Mostraspelet har vore:


Hordaland fylkeskommune	84.000,-
Bømlo kommune (del av gen. Driftstilskot)	250.000,-
Norsk teaterråd	150.000,-

For å produsere det 31. Mostraspelet i 2015 samt førebu urpremiere i 2016, søker Bømlo Teater Hordaland Fylkeskommune om kr. 110.000,- i spelstøtte til Mostraspelet i 2015.

Vedlegg:

1. Rekneskap og Årsmelding for Bømlo Teater 2013.
2. Budsjett for 2015

For styret i Bømlo Teater


Brynjar Stautland, dagleg leiar

Bømlo Teater
Produsent: Brynjar Stautland
Høvringevikvegen 86, 5440 Mosterhamn
Tlf. 95 92 50 54, post@bomloateater.no
Info: www.bomloateater.no
org nr 982938694